



Felles Landbrukskontor ÅLA

Årsmelding 2014



Figur 1 Slått på Vidme 2014 Foto: Magnhild Aspevik

Innhald

1	Tilskotsforvaltning.....	7
1.1	Sentrale ordningar	7
1.1.1	Produksjonstilskot i jordbruket.....	7
1.1.2	Velferdsordningane i jordbruket.....	8
1.1.3	Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar	8
1.1.4	Tilskot til drenering av jordbruksjord.....	9
1.1.5	RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk – OBB	9
1.1.6	Investeringsmidlar til organisert beitebruk/Tilskot til tiltak i beiteområde	10
1.1.7	BU-midlar gjennom Innovasjon Norge	11
1.1.8	Søknad om avlingssvikt.....	12
1.1.9	Søknad om erstatning for tap av sau på utmarksbeite (tap av sau på beite)	12
1.1.10	Søknad om erstatning for husdyr drepen av freda rovvilt	12
1.2	Lokale ordningar – tilskot og fond	12
1.2.1	Årdal	12
1.2.2	Lærdal.....	13
1.2.3	Aurland.....	14
2	Lov og regelverksforvaltning	14
2.1	Konsesjonslov, jordlov og lov om forpaktning	14
3	Skogbruk – diverse	15
3.1	Skogrådgeving i Indre Sogn	16
4	Viltlova	17
5	Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag.....	18
5.1	Naturmangfoldlova.....	19
5.2	Andre lovar.....	19
6	Andre oppgåver og tiltak	20
6.1	Planarbeid.....	20
6.2	Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda	20
6.3	Veterinærvakt.....	20
6.4	Verneområde	21
6.5	Informasjon	21
6.6	Vårens vakraste	21
7	Prosjekt sau og utmark 2012-2016	22

Innleiing

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har inngått avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Felles Landbrukskontor. Lærdal kommune er vertskommune og avtalen gjeld samarbeid mellom kommunane om utføring av kommunale oppgåver knytt til landbruksforvaltninga i kommunane. Samarbeidet starta 1.7.2007.

Kontoret skal tilby betre tenester samla enn kva kommunane klarer kvar for seg. Kontoret skal gje råd, rettleie og informere brukarane og publikum, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjerd i saker innanfor kontoret sitt ansvars- og arbeidsområde. Arbeidet omfattar lov- og regelverksforvaltning og tilskotsforvaltning (næringsarbeid) mm.

Organisering

Kontoret er lokalisert i Lærdal rådhus. På rådhuset i Aurland er det eit kontor til disposisjon, det er bemanna deler av veka elles etter avtale. Lærdal kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og ansvar for rekneskap.

Kostnadane med kontoret skal fordelast slik:

Årdal kommune: 16 %

Lærdal kommune: 54%

Aurland kommune: 30 %

Alle politiske og administrative vedtak som gjeld kvar einskild samarbeidskommune skal handsamast og arkiverast i den kommunen saka gjeld.

Rådmannen i Lærdal har det administrative ansvaret for Felles Landbrukskontor ÅLA. Avtalen vart godkjend på nytt i 2010 med 4 stillingsheimlar. Endring av fast bemanning må godkjennast av dei to andre kommunane.

Tilsette i 2014

Magnhild Aspevik	Landbrukssjef
Solgun Haugen	Sakshandsamar
Marianne Nygård	Sakshandsamar
Ivar Bjarne Underdal	Prosjektleiar sau og utmark (til 1.9.2014)
Håvard Øyrehagen	Prosjektleiar sau og utmark (frå 1.9.2014)
Knut Fredrik Øi	Innleidd viltforvaltar

Det er inngått avtale om å leiga oppgåver knytt til kommunal viltforvaltninga hjå Aurland Fjellstyre. Denne avtalen gjeld frå mai 2012. I 2014 har arbeidet vorte utført av Knut Fredrik Øi, og utgjer 850 timar (om lag 50% stilling).

I meldingsåret har landbrukssjef Magnhild Aspevik delteke i kulturlandskapsgruppa til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Sakshandsaming

Felles Landbrukskontor ÅLA gjer administrative vedtak og førebur saker for politisk handsaming.

Tabell 1 Tal saker med vedtak handsama og førebudd for handsaming av Felles Landbrukskontor ÅLA

Kommune	Årdal	Lærdal	Aurland	Tal vedtak adm/politisk
Administrative vedtak	21	39	45	105
Politisk handsama	11	60*	12	83
Referat saker	2	7	1	10
Tal saker pr kommune	34	106	58	198

Kjelde: Arkiva Årdal, Lærdal og Aurland

*31 av desse sakene er saker Felles Landbrukskontor ÅLA har sakshandsama til Formannskapet for Lærdal Næringsutvikling AS. Dette er ei teneste som er godtgjort.

Tabell 2 Samlerapport for økonomiske verkemiddel som kontoret har vore sakshandsamar for

Kva	Samla sum kr:
Produksjonstilskot	
Avløysar refusjon sjukdom, ferie og fritid	
Manuelle utbetalingar	35 571 765
SMIL-midlar – løyvd tilskot	878 000
Tilskot til drenering	4 000
RMP-mildar	1 989 610
Investeringsmidlar til organisert beitebruk/ Tilskot til tiltak i beiteområde	180 100
Avlingsskade	1 583 541
BU-midlar – løyvd tilskot	4 121 000
BU-midlar - lånebeløp for rentestøtte	6 825 000
Årdal lokale tilskot	401 199
Lærdal lokale tilskot	670 372
Aurland lokale tilskot	165 527
Fellingsavgift – innkrevjing	210 145
Skog – diverse tilskot	383 624
Verdsarvmidlar	2 225 000
Veterinærvakta – driftstilskot og kommunalt tilskot	1 255 584
Sum	56 464 467

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

”Bygdeutviklingskontor”

Mange viktige tema og saker er innom kontoret. Landbrukseigedomar og naturressursar er utgangspunkt for utvikling av ulike prosjekt som skapar aktivitet. Arbeidsdagane på kontoret er spennande og interessante. Me arbeidar med utfordringar som har mykje å seie for den enkelte og for utvikling av bygdene og kommunane. Dei tilsette på kontoret har stort nettverk og er eit bindeledd mellom dei tre kommunane både administrativ, politisk og på fag og grunneigarnivå. Kontoret har stort nettverk utanfor kommunane. Dette er viktig for å marknadsføra og skapa gode kontaktar for saker me arbeidar med. Til dømes er *Prosjekt sau og utmark* utvikla gjennom dette nettverket.

I 2014 har dei tilsett ved kontoret delteke i prosjekt ”Lærdal som næringsvenleg kommune”. Fokus i dette arbeidet har vore korleis me skal bli betre rusta til å hjelpa dei som ynskjer utvikling. Dette prosjektet er spesielt for Lærdal kommune, men både Årdal og Aurland vil nytta godt av dette arbeidet kontoret har delteke i.



Figur 2 Frå Nedbergo mot Undredal Foto: Magnhild Aspevik



Figur 3 "Nassenøff" frå Vidme Foto: Marianne Nygård



Figur 4 Holo mot Flâm Foto: Marianne Nygård

1 Tilskotsforvaltning

1.1 Sentrale ordningar

1.1.1 Produksjonstilskot i jordbruket

Tabell 3 Beløp utbetalt produksjonstilskot og avløysartilskot ÅLA 2014

	Årdal	Lærdal	Aurland
Produksjonstilskot 2014	1 556 531	17 189 159	10 991 184
Avløysartilskot 2014	195 409	2 447 855	1 779 435
Totalt utbetalt 2014	1 761 940	19 637 014	12 770 619
Totalt utbetalt ÅLA 2014	34 169 573		

Kjelde: SLF og Felles Landbrukskontor ÅLA

Tabell 4 Beløp og tal søknadar som er utbetalt manuelt i samband med søknad om produksjonstilskot ÅLA 2014

	Årdal	Lærdal	Aurland
Manuell utbetalingar 2014	8 025	807 146	47 650
Tal saker total	12		

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Dette er utbetalingar som kjem etter dei sentrale utbetalingane. Det skuldast søknadar som vart stoppa, feilregistrering av sakshandsamar, feil med rapportering lammeslakt, kjøp av livdyr, problem med kontroll mot Debio, feil i avkortning grovfôrareal, feil i trekk for sein levering. Dei færraste av utbetalingane skuldast feil hjå søkjar, men feil i rapporteringssystemet hjå SLF.

Tabell 5 Oversikt over krav om tilbakebetaling av produksjonstilskot i ÅLA 2014

	Årdal	Lærdal	Aurland
Beløp	0	13 961	0
Tal saker	0	6	0

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Ved ein feil hadde SLF betalt ut distrikts- og kvalitetstilskot til søkjarar som hadde levert under minstekvantum. Kommunane fekk i oppdrag å krevja tilbake desse pengane.

Tabell 6 Oversikt over tal søknadar om produksjonstilskot og tal kontrollar i ÅLA 2014

	Årdal	Lærdal	Aurland
Januar 2014	8	86	61
August 2014	10	97	61
Totalt tal søknadar om produksjonstilskot	18	183	122
Tal kontrollar januar 2014	1	5	3
Tal kontrollar august 2014	1	5	4
Totalt tal kontrollar	2	10	7

Kjelde: SLF og Felles Landbrukskontor ÅLA

Grunna storbrannen i Lærdal utsette Fylkesmannen i Sogn og Fjordane søknadsfristen for søknadsomgangen i januar. Då fleire av dei tilsette ved Felles Landbrukskontor ÅLA var involverte i kriseleiinga vart Gunnstein Husdal engasjert til å utføra kontrollane for denne søknadsomgangen.

Det var også i meldingsåret meir jobb enn vanleg med søknadsomgangen august 2014 sidan det enno er ein del feil i kartgrunnlaget.

1.1.2 Velferdsordningane i jordbruket

Avløyising ferie og fritid

Dette er ei refusjonsordning som går innunder søknad om produksjonstilskot i januar. Maks avløysartilskot vert bestemt ut frå dyretalet året før. Avløysartilskot ferie og fritid som er utbetalt i 2014 er refusjon av utgifter til avløysar i 2013. For beløp sjå tabell 3.

Avløyising ved sjukdom m.v.

Avløyising ved sjukdom m.v. er ei refusjonsordninga der ein gardbrukar kan få tilbakebetalt utgifter til avløysar i samband med t.d. eigen sjukdom med sjukmelding.

Tabell 7 Oversikt over tal saker og utbetalt beløp i samband med søknad om tilskot til avløyising ved sjukdom m.v i ÅLA 2014

	Årdal	Lærdal	Aurland
Utbetalt beløp	-	508 153	45 179
Total saker			17

Kjelde: FMLA

Tidlegpensjon i jordbruket

Dette er ei ordning som jordbrukarar som har fylt 62 år og som har drive jordbruk i minst 15 år kan søkja på. Det er krav om at det må ha vore eit eigarskifte, og det er bestemte krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama 2 søknadar om tidlegpensjon i jordbruket i ÅLA i 2014, begge av typen to brukarpensjon.

1.1.3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar

Spesielle miljøtiltak i jordbruket

SMIL-midlane er midlar frå landbruksoppgjeret som vert fordelt til kvart fylke.

Fylkesmannen fordeler midlane vidare til kommunane. Kommunen er ansvarleg for forvaltning av midlane etter gjeldande forskrift og lokal tiltaksstrategi for SMIL-midlar.

Kommunane våre har tiltaksstrategi som gjeld for perioden 2013 -2016.

Tabell 8 SMIL-midlar tal, søknadar og midlar til fordeling i Årdal, Lærdal og Aurland

	Årdal	Lærdal	Aurland	Sum
Tal søknadar total	4	17	25	46
Søknadssum totalt	285500	664348	1158335	2108183
Tal innvilga søknader	4	17	25	46
Søknadssum innvilga søknader	285500	664348	1158335	2108183
Løyvd tilskot	110 000	320000	448000	878000

1.1.4 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Det kan gjevast tilskot til drenering av tidlegare grøfta jordbruksareal. Eigar eller føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal kan søkja på ordninga.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama ein søknad om tilskot til drenering i ÅLA i 2014. Det vart løyvd eit tilskot på kr 4 000 på totalt 4 daa.

1.1.5 RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk – OBB

”Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane skal stimulera til å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylke. Tilskota i miljøprogrammet er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftstøtte til føretak i drift som oppfyller visse vilkår. Tilskota i miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet” (kjelde Rettleiingshefte 2014)

Alle føretak som kan søkja på produksjonstilskot i jordbruket, har landbruksdrift i Sogn og Fjordane og oppfyller vilkåra som vert stilte i dei ulike tilskotsordningane, kan søkja.

Frå 2013 vart det opna for å søkja elektronisk på RMP/OBB i det nye fagsystemet eStil, eit felles program for heile landet. Dette medførte at ein del av tilskotsordningane fekk nye og til dels ”misvisande” namn. I tillegg kom det inn krav om kartfesting av alle tiltak. Grunna desse endringane og fortsatt ein del ”problem” med programmet vart det uforholdsmessig mykje arbeid med denne ordninga i 2014 òg.

Ca 74,51 % av RMP og ca 66,67 % av OBB søknadane var elektroniske denne søknadsomgangen, mot ca 64 % og ca 57 % året før. Sakshandsamar hjalp fleire søkjarar med å levere søknaden elektronisk, slik at det kan vera litt av grunnen til høg %-andel elektroniske søknadar. Det var betre å få kartfesta alt saman med søkjar i staden for å gjera det utfrå handteikna kart i etterkant. I tillegg til dei som fekk hjelp til å søkja elektronisk i 2013 som no klarde å senda inn elektronisk sjølv i 2014.

Tabell 9 Oversikt over utbetalinger i 2014 for dei ulike ordningane innan Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane i ÅLA inkl. driftstilskot organisert beitebruk etter søknadsomgangen i 2013

Tilskotsordning	Årdal	Lærdal	Aurland
Drift av enkeltstøl og fellesstøl med mjølkeproduksjon	-	58 000	376 667
Skjøtsel av bratt areal	19 908	65 142	481 698
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	-	15 840	62 400
Beite i utmark (verneområde)	3 700	-	191 100
Skjøtsel av gravminne	4 500	7 500	5 000
Skjøtsel av bakkemurar, trekkjer, skigardar	15 606	301 329	79 155
Skjøtsel av styvingstre	-	26 700	16 500
Drift av beitelag	8 745	48 600	26 140
Slått av biologisk verdifulle areal	-	86 830	15 010
Beite av biologisk verdifulle areal	-	30 740	34 800
Bevaringsverdige husdyrrasar	-	2 000	6 000
Tal søknadar som har fått utbetaling	11	42	56
Totalt utbetalt for søknadsomgangen	52 459	642 681	1 294 470

Kjelde: Landbruksdirektoratet (eStil)

Tabell 10 Tal søknadar på Regionalt miljøprogram Sogn og Fjordane i 2014 og driftstilskot til organisert beitebruk i ÅLA i 2014

	Årdal	Lærdal	Aurland
Tal søknadar på RMP i 2013	7	44	51
Tal kontrollar totalt			7
Søknadar organisert beitebruk 2013	2	1	3
Totalt tal innkomne søknadar	9	45	54

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

1.1.6 Investeringsmidlar til organisert beitebruk/Tilskot til tiltak i beiteområde

Søknadar vert handsama og tilrådd av kommunen. Fylkesmannen godkjenner og løyver midlar. Kommunen godkjenner tiltak og tilrår utbetaling.

Det vart utdelt til saman kr 982 100,- i heile Sogn og Fjordane innan denne tilskotordninga i 2014. Ramma var på kr 1 004 565,-

Tabell 11 Oversikt over tildeling av "Investeringsmidlar til organisert beitebruk" i ÅLA 2014

	Beitelag	Tiltak	Tilskot
Årdal	Naddvik beitelag	E-bjølle	8 400
	Ofredal beitelag	Gjetar, helikopterleiting og radiobjøller	64 000
Lærdal	Lærdal sankelag	E-bjølle	80 300
	Lærdal sankelag	E-bjølle	11 000
	Lærdal sankelag	Radiobjølle og radioklave	4 000
	Lærdal sankelag	Samlekve til sau på Sluten	9 000
Aurland	Vestfjelli beitelag	E-bjøller 5 stk	3 400
	Samla sum		180 100

Kjelde: FMLA

Tabell 12 Oversikt over søknadar på "Tilskot til tiltak i beiteområde" i ÅLA 2014 som har fått avslag

	Beitelag	Tiltak
Lærdal	Lærdal sankelag	Sankekve på Eggjastølen og Eldrehaugen
Aurland	Kont.person Anders Fretheim	Traktorveg frå Holo til Geisme
	Stigen gard & turar	Oppdeling av inngjerda innmarksbeite på Stigen
	Vestfjelli beitelag	Sperregjerde ved Åtnes-marki mot E16
	Vestfjelli beitelag	Sankekve på stølen Joasete

Kjelde: FMLA

1.1.7 BU-midlar gjennom Innovasjon Norge

Kontoret har ei viktig informasjonsrolle for dei som ynskjer å søkje om BU-midlar. Søkjarar er, som oftast, i kontakt med kontoret før søknad vert sendt inn. Kommunen v. landbruksforvaltninga må gje uttale til innleverte søknadar, før handsaming hjå Innovasjon Norge. Kommunen godkjenner ferdige prosjekt og tilviser løyvde midlar. Frå 2014 måtte alle søknadar leverast elektronisk.

Tabell 13 BU-midlar tildelt gjennom Innovasjon Norge fordelt på kommune, tiltak og tilskot.

Kommune	Søkjar	Formål	Tilskot	Lånebeløp for rentestøtte
Lærdal	Finn Mo	Investeringsstilskot - moreller	132 000	
	Kari Sigrun Lysne	Investeringsstilskot - moreller	264 000	
	Kari Voll	Investeringsstilskot - moreller	230 000	
	Stian Fagerlund	Investeringsstilskot - moreller	200 000	
	Jonas Lysne	Investeringsstilskot - moreller	230 000	
	Ine Nyseth/ Harald Blaaflat Mundal	Investeringsstilskot - Fornyng frukthage	204 000	
	Ole Bjørn Mo Grøthe	Investeringsstilskot – Vøen dekkssystem til bringebar	166 000	
	Rikard Lysne	Investeringsstilskot - moreller	230 000	
	Gro Natvik Henriksen	Fornyng frukthage – økologiske eple	305 000	
	Jens Reidar Ljøsne	Investeringsstilskot – Nytt lausdriftsfjøs	1 000 000	6 450 000
	Knut Raa AS	Investeringsstilskot – Tilbygg, pakkemaskin til gulrotpakkeri	230 000	375 000
	Per Hjermann	Investeringsstilskot – Frukthage og moreller	330 000	
Aurland	29-2 Aurland AS	Etablerarstipend	400 000	
Sum			4 121 000	6 825 000

Kjelde: Innovasjon Norge

1.1.8 Søknad om avlingssvikt

Jord- og hagebruksføretak kan søkja om erstatning for betydeleg avlingssvikt som er forårsaka av klimatiske forhold som det ikkje er mogeleg å sikra seg mot.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama totalt 15 søknadar om avlingssvikt i ÅLA i 2014, 5 fekk avslag. Samla utbetaling kr 1 583 541. Det er fylkesmannen som tek endeleg avgjerd i desse sakene.

Grunna ei frostnatt under bløminga tidleg i mai vart det sterk reduksjon i avling i fleire morellefelt og nokon eplefelt i 2014. Avlingssvikt på bringebær skuldast mest følgjeskader frå året før og lange periodar med sterk vind.

1.1.9 Søknad om erstatning for tap av sau på utmarksbeite (tap av sau på beite)

Saueigarar kan søkja om erstatning for store og uforutsette tap av sau på utmarksbeite som ikkje skuldast freda rovvilt. Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama ein søknad om tap av sau på beite i ÅLA i 2014.

1.1.10 Søknad om erstatning for husdyr drepen av freda rovvilt

Husdyreigarar kan søkja erstatning for tap av husdyr til gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Sommaren 2014 var det store sauetap grunna jerv i Årdal og Lærdal. Sakshandsamar ved Felles Landbrukskontor hadde ein del jobb med å hjelpa til med å få sendt inn søknadane om erstatning. Det er Fylkesmannen som forvaltar denne søknadsordninga.

1.2 Lokale ordningar – tilskot og fond

1.2.1 Årdal

Årdal landbruksfond

Saldo pr 31.12.2014: kr 326 419,22, ingen bevegelse på konto.

Fondskapitalen skal vere på kr 325 000, og fondet har difor pr dags dato lite midlar å dele ut.

Kommunalt tilskot til landbruket i Årdal

Reglane for kommunalt tilskot til landbruket i Årdal er godkjent av kommunestyret i saknr. 38/93. Jf reglane er det løpande søknadsfristar knytt til desse midlane. I 2014 var det ikkje sett av midlar i budsjettet.

*Viltfond*Saldo pr 31.12.14: kr 198 785

- Utbetalningar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen: kr 72 719 (2013: kr 38 625)
- Analyse hjortekjevar: kr 13 480
- Innbetaling fellingsavgift for 2013: 37 370 (35 740 for 2012, 39 910 for 2011)

*Fiskefond*Saldo pr 31.12.14: kr 2 596 023

- Utbetling i 2014: Årdal jeger og fisk kr 290 000 og Sogn Villaksråd kr 25 000
- Innbetaling: 112 985

*Fond for vilt, fisk og friluftsliv*Saldo: 31.12.2014: kr 750 588

- Innbetaling: 48 909
- Ingen utbetaling

1.2.2 Lærdal

Lærdal kommune har nærings- og konsesjonsavgiftsfond som mellom anna kan nyttast til investeringar i landbruket. I 2013 vart selskapet Lærdal Næringsutvikling AS skipa (LNU). Søknadar om støtte frå fondet vert no førebudd av LNU, med endeleg avgjerd i formannskapet. Det er Felles Landbrukskontor ÅLA som tek det meste av saksførebuinga for saker som skal til handsaming i formannskapet. LNU kjøper denne tenesta. I 2014 var dette totalt 31 saker.

Løyvde midlar i 2014:

Tilskot til bærplanting

Kontoret har ein del arbeid med søknad om kommunalt tilskot til planting av bær både før og etter løyving. Slike saker går vanleg vis over fleire år.

Tabell 14 Oversikt over løyvingar tilskot til bærplanting i Lærdal 2014

	Bringebær	Jordbær
Totalt tal daa	51,2	0
Totalt tal søknadar	5	0
Total løyving	464 750	

Mjølkekvotar

- Kjøp av mjølkekvotar: 1 søknad fekk løyvd tilskot med kr 31 195

*Viltfond*Saldo pr 31.12.14: kr 209 799

- Utbetalinger til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen i 2014: kr 114 227 (2013:47 717)
- Utbetaling til Lærdal hjorteutval kr 5 000
- Innbetaling (fellingsavgift og sal av hjortekjøtt): kr 116 752

*Fiskefond*Fiskefond II saldo pr 31.12.14: kr 1 084 859

- Utbetalinger i 2014: kr 55 200

1.2.3 Aurland*Viltfond*Saldo pr 31.12.14: kr 148 856

- Utbetalinger til Aurland ettersøksring kr 21 947
- Utbetaling til Aurland jakt og fiskelag kr 5 000
- Analyse hjortekjevar: kr 17 480
- Innbetaling fellingsavgift: kr 50 000

*Skotpremie*Skotpremie på rev og mink i Aurland. Kontoret tilvisar skotpremie, mot framlagd ”bevis”.

- I 2014 var det utbetalt kr 22 500 (45 revar)

Konsesjonsavgiftsfondet

- Nydyrking: kr 98 600

2 Lov og regelverksforvaltning**2.1 Konsesjonslov, jordlov og lov om forpakting*****Konsesjon og buplikt***

Konsesjonslova skal regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sitt produksjonsareal og slike eigar og brukstilhøve som er mest gagnleg for samfunnet. Kommunane si oppgåve er å handsame søknadar om konsesjon på erver av fast eigedom, følgje opp eigedomar med buplikt m.m. Dette er ofte tidkrevjande og komplekse saker. Det er vanskeleg for Felles Landbrukskontor ÅLA å sette av tid til oppfylging av bupliktsaker.

Jordlova med forskrifter

Formålet til jordlova er å legge tilhøva slik til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Det er driveplikt på alt jordbruksareal, dersom ein ikkje kan driva arealet sjølv kan det drivast av andre gjennom avtale om utleige. Kommunane skal føre tilsyn med at driveplikta vert overhaldd.

Søknad om omdisponering vert ofte handsama som ein del av ein søknad om bygging med heimel i plan- og bygningslova eller søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Forskrift om nydyrking og forskrift om bygging av landbruksveg er heimla i jordlova. Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav er heimla mellom anna i jordlova.

Lov om forpaking

Jf. lov om forpaking skal avtaler om forpaking leggjast fram for kommunen for godkjenning.

Tabell 15 Tal saker jordlov, konsesjonslov og lov om forpaking i ÅLA

	Årdal	Lærdal	Aurland
Konsesjon	2	12	2
Driveplikt §8a	0	4	2
Omdisponering §9	0	0	4
Deling §12	1	1	6
Landbruksveg	0	2	3
Nydyrking	0	8	4
Søknad om utsett frist for spreing av husdyrgjødsel	2	2	4
Forpaking	0	3	1
Sum	5	32	26

Kjelde: ACOS, Felles Landbrukskontor ÅLA

3 Skogbruk – diverse

Ulike spørsmål, søknadar og problemstillingar er handsama innanfor skogbruksforvaltninga i 2014.

Fylgjande tal syner aktiviteten:

Tabell 16 Skog avverking i Årdal og Lærdal i m³ og kroneverdi

	Årdal		Lærdal	
	tal/m ³	kr	tal/m ³	kr
Gran industrivirke	111	40 289	65	20 119
Furu industrivirke				
Juletre			432	126 292
Total verdi		40 289		146 292

Kjelde: FMLA

Tabell 17 Skogfond innbetalinger i Årdal og Lærdal.

	Årdal		Lærdal	
	Innbetaling 2014	Bruttoverdi	Innbetaling 2014	Bruttoverdi
Skogfond	4 029	40 289	10 805	146 411

Kjelde: FMLA

Tabell 18 Skogkultur

	Årdal – 7søknadar			Lærdal – 1søknad	
	tal/m ³	Kostnad	Tilskot	tal/m ³	Tilskot kr
Juletre				1450 stk – 2 daa	13 625
Plantekjøp	48 000 stk	111 600	55 800		
Nyplanting	48 000 stk– 232 daa	134 400	67 200		
Avstandsregulering	23 daa	19 975	9 987		
Kvisting	23 daa	16 450	8 225		
Tynning	45 daa	13 545			
Total verdi		295 970	141 212		13 625

Kjelde: FMLA

Tabell 19 Tilskot til vegprosjekt i Årdal, Lærdal og Aurland

	Årdal	Lærdal	Aurland:
Tilskot til vegprosjekt	0	27372	0

Kjelde: Fylkesmannen

3.1 Skogrådgjeving i Indre Sogn

Prosjektet er eit skogrådgjevingsprosjekt mellom Lærdal, Aurland, Årdal, Sogndal og Leikanger. Med ei prosjektramme på kr 200 000,- har prosjektleiar Arnt Laukeland sidan mars 2014 vore tilgjengeleg i kommunane for skogfaglege spørsmål og hjelp.

I prosjektperioden har det i regi av prosjektet vore arrangert 9 kurs i dokumentert opplæring av hogst og ein skogkveld i stell av ungsog i Seimsdalen. I desse dagar blir det annonsert endå fleire kurs og skogdagar i regionen. Våren 2014 vart det planta heile 48 000 furuplanter i Ofredal.

Prosjektleiaren har i prosjektperioden delteke på mange synfaringar der skogeigarar har fått råd og tips i forhold til skogen sin.

Mange spørsmål går td;

- på om skogen er hogstmoden?,
- kva treslag skal eg plante?
- skal eg plante?
- kva skogstiltak er det tilskott på?
- korleis skal eg kappe tømmeret?

Prosjektet blir avslutta i 2015, så det er framleis mogeleg å få synfaring eller svar på skogfaglege spørsmål no på slutten av prosjektperioden.

Kontakt prosjektleiar Arnt Laukeland tlf 99 16 32 00.

Prosjektet har i 2014 brukt kr 123 021 av tildelte midlar.



Figur 5 Valbjørkfelt i Seimsdalen Foto: Valborg Heløy

4 Viltlova

Fellingsløyve elg/hjort/rådyr

Fellingsløyve vert tildelt etter administrativt vedtak i samsvar med forvaltningsplan for hjortevilt.

Tabell 20 Tildelte fellingsløyve, fellingsresultat og fellingsavgift i ÅLA

	Tildelte fellingsløyve			Felt i ordinær			Fellingsavgift
	Elg	Hjort	Rådyr	Elg	Hjort	Rådyr	
Årdal	14	159	0	3	106	0	35 160
Lærdal	24	583	1	4	392	0	121 310
Aurland	19	285	0	3	163	0	53 675
Samla	57	1027	1	10	661	0	210 145

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

Oppfølging fallvilt

Felles Landbrukskontor ÅLA får opplysningar om fallvilt frå ettersøksringane, politiet , E. Oppedal og Sønner og andre. Kontoret har ansvaret for å registrera fallvilt i Hjortevilt-registeret og senda inn rapport til SSB. Me jobbar kontinuerleg med oversikten og nyttar denne til å jobba førebyggjande mot hjort-trafikk.

Tabell 21 Fallviltregistreringa ÅLA jaktåret 2013-2014 (1.april – 31.mars)

	Årdal	Lærdal	Aurland
Påkøynde hjort/rådyr/elg	7	47	3
Andre årsaker hjort/rådyr/elg	3	26	7
Andre dyr enn hjort/rådyr/elg	2	5	1
Totalt tal registrerte fallvilt 2013	12	74	11

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Vald, valdkart mm

Digitale valdkart er no ferdige for Årdal, Lærdal og Aurland. Karta ligg tilgjengelege på heimesida til kommunen, under Landbruk – Viltforvaltning. Me jobbar no for å nytta karta for å visualisera hjorten og forvaltninga i dei ulike områda, og trur dette vert eit folkeleg og nyttig verktøy.

Jegerprøve

Det vart arrangert jegeropplæring i Årdal, Lærdal og Aurland i 2014. Jegerprøven vart arrangert på Aurland barne og ungdomsskule og på Årdal rådhus.

5 Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag

Kommunane kan gje dispensasjon frå forbod mot motorferdsel i utmark og i vassdrag. Dispensasjon vert gjeve i medhald av lov, forskrift og lokale retningsliner.

Tabell 22 Tal dispensasjonar til motorferdsel i utmark pr kommune.

	Årdal	Lærdal	Aurland
Snøscooter/Helikopter/fly	4	12	36

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

5.1 Naturmangfoldlova

Dei miljørettslege prinsippa skal vurderast i alle saker som kan verke inn på mangfaldet i naturen. I vedtak som gjeld bruk av areal og som kan verke inn på naturen, skal §§ 8-12 i lova vere vurdert. Dersom dette ikkje er gjort, er det sakshandsamingsfeil.

Felles Landbrukskontor ÅLA nyttar Naturmangfoldlova i fylgjande saker:

Motorferdsel i utmark

Landbruksvegar

Viltforvaltning – tildeling av fellingsløyve og godkjenning av vald

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL-søknadar

Søknad om nydyrking

Utsett frist for spreining av husdyrgjødsel

Jordlova – omdisponering §9 og frådelling §12

Midlar til tiltak i utvalde naturtypar

I medhald av *Naturmangfoldlova* er det peika ut utvalde naturtypar i våre kommunar. Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for tilskotsordninga, i nært samarbeid med kommunane. I våre kommunar er utvalde naturtypar på høgdegarden Vidme og Dregali i Aurland, Ekrene, Molde og Indre Frønningen i Lærdal.

5.2 Andre lovar

Felles Landbrukskontor ÅLA gjev landbruksfagleg vurdering i samband med saker etter PBL, vassressurslova, lakse- og innlandsfiskelova og odelslova. Omfanget av dette arbeidet er varierende.



Figur 6 og 7 Steingardmiljø Vassbydi og Naturmangfold Vidme Foto: Marianne Nygård og Magnhild Aspevik

6 Andre oppgaver og tiltak

6.1 Planarbeid

Felles Landbrukskontor ÅLA har medverknad, kjem med innspel og deltek i planprosessar for m.a. fylgjande planar:

Regionalplanar
Kommuneplanar
Reguleringsplanar
Forvaltningsplanar
Skjøtselsplanar
Verneplanar
Næringsplanar

6.2 Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda

Kontoret har arbeid opp mot verneområdestyre for Nærøyfjorden, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap og verdsarvbøndene. I 2014 vart det betalt ut kr 2 225 000,- i verdsarvmidlar til verdsarvbøndene. Kontoret samarbeidar med fylkesmannen for kontroll og oppfølging av desse midlane.

Saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – landbruksavdelinga, vart det skipa til markdag hjå Randi Engelsen Eide på Sivle gard onsdag 9.april.

Bønder i og i nærleiken av Nærøyfjorden verdsarvområde var inviterte. Tema for dagen var; Tilrettelegging for ferdsel og turisme - utfordringar og moglegheiter. Vel 20 personar møtte fram på markdagen. Det var særleg gledeleg å sjå at mange av den yngre generasjonen møtte fram.

6.3 Veterinærvakt

Felles Landbrukskontor ÅLA tilviser løyvde midlar til veterinærvakta som har tre veterinærar i vaktordning. Kontoret administrerer og dei kommunale midlane.

Kommunalt driftstilskot:

Årdal: kr 100 000

Lærdal: kr 200 000

Aurland: kr 100 000

Statleg vakt og administrasjonstilskot: kr 740 584

Stimuleringstilskot: kr 115 000

6.4 Verneområde

Dei tre kommunane har fleire verneområde:

- Bleia naturreservat
- Bleia og Storebotn landskapsvernområde
- Hallingskarvet nasjonalpark
- Grånosmyrane naturreservat
- Jotunheimen nasjonalpark
- Kvitingsmorki naturreservat
- Norheimsdalen naturreservat
- Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Utladalen landskapsvernområde

Kontoret er involvert i ulike saker som gjeld forvaltning av verneområde. Her kan nemnast uttale i samband med byggeløyve, utarbeiding av skjøtselsplanar og handsaming og forvaltning av offentlege tilskotsmidlar.

6.5 Informasjon

Det vert sendt ut infoskriv til grunneigarane 3 gonger i året og lagt ut informasjon på heimesida til landbrukskontoret fortløpande.

Kontoret har dageleg spørsmål av ulikt slag både via e-post, telefon og besøk på kontoret.

6.6 Vårens vakraste

Felles Landbrukskontor ÅLA inviterte til samling for landbrukskontora i Sogn regionråd. I tillegg til tilsette på vårt kontor, møtte det fram deltakar frå Høyanger, Balestrand, Vik, Leikanger og Luster. Me inviterte og landbruksforvaltinga i Voss kommune, ei deltakar deltok.

Tema for samlinga var frukt-, bær- og grønsaksproduksjon i Lærdal, honningproduksjon, sauehald, buplikt, skogbruksforvaltning og viltforvaltning. Samlinga var og ein sosial møteplass for dei tilsette i landbruksforvaltninga.

Det var overnatting i Avdal gard i Utladalen. Me var på gardsbesøk hjå Anders og Knut Eltun, såg på hjortegjerdeprosjekt ved Ljøsnaubui og fekk omvising i Lærdal Grønt sine lokale på Grandane. Dei informerte oss og om utviklinga og vidare tankar om drifta.

7 Prosjekt sau og utmark 2012-2016

Felles Landbrukskontor i ÅLA har saman med sauenaeringa lagt bak seg eit begivenheitsrikt år. Sauenaeringa har hatt mykje aktivitetar og det har møtt opp mykje folk på det som har vore arrangert. Det har vorte arrangert fjøsmøte, fagmøte og studieturar for å skapa eit godt fagmiljø for naeringa.

Ny prosjektleiar var på plass etter sommaren og har komme godt inn i arbeidet i prosjektet. Prosjektet har god driv og sjølv om framtidsplanen vart noko forskyvd har ikkje dette sett noko dempar på sjølve prosjektet.

I løpet av 2014 har det òg komme til fleire nye besetningar og fleire fjøsar har vorte renoverte. Her er det alt frå enkle og billige ombyggingar til litt meir omfattande renoveringar. Desse fjøsane husar òg nye besetningar, noko som er særst hyggeleg for prosjektet. At me har fått ei nyetablering i Årdal er særst hyggeleg, då husdyrmiljøet her er sårbart for svingingar grunna lågt tal besetningar. Prosjektet har som mål å laga ei oversikt over tomme bygningar som kan vera aktuelt å leiga for folk som har ynskjer om å prøva seg i naeringa. Prosjektet har òg namn på over 20 interesserte bønder som vurderer å anten utvide eksisterande driftsbygning eller bygge nytt. Me gler oss over denne utviklinga og håpar nokon vil bygga heilt ny fjøs i løpet av 2015.

Bøndene i ÅLA-kommunane har gjennom prosjektperioden fått auka tru på naeringa og deltek i ulike aktivitetar gjennom driftsåret. Dette er ein effekt som kanskje ikkje er målbar, men som like fullt er viktig å ha. Folk meddeler at dei har auka tru på det å driva med sau, samt at dei tykkjer at prosjektet tilfører noko til kvardagen.

I 2014 vart det halde to fjøsmøte. Eit på Laoi i Aurland 23. januar og eit på Borgund 24. november. Fjøsmøte er ein del av den sosiale aksen som me forsøker å bygge. Fjøsmøte er den mest uformelle samankomsten, der ein møtest i fjøsen til ein eller anna og snakkar laust og fast om ulike tema. Ofte er dette temaet fjøsbygging eller ombygging av fjøs eller anna fagleg påfyll om ulike tema som sauebøndene er opptekne av.

Eit fagmøte inneheldt eit føredrag med ein fagleg ressurs, etterfølgt av eit ynskje om å la deltakarane arbeide saman for å få større deltaking i prosessen. Fagmøtet er ein meir formell samankomst. Det har likevel vore god deltaking på desse samankomstane. Det vart skipa to fagmøte i 2014. Eit med Yngve Rekdal frå Skog og Landskap som snakka om kor viktig beitet er som ressurs, og eit med Vibeke Lind frå Bioforsk Tjøtta. Tema for dette møte var kvalitet på arktisk lamekjøt.

Rekruttering har vore ein ting som har lege i botnen på prosjektet heile tida. Rekruttering vert sjølvsagt styrt av fleire ting enn lyst og tilbod om eit gardsbruk, men dette kan vera viktige faktorar som får folk til å falla ned på den eine eller den andre sida. Dersom prosjektet kan påverka desse prosessane, skal me gjera det me kan for at folk fell ned på at det å driva med sau kan vera ei naering for framtida.

Prosjektet organiserte fagtur til Lindås 22.mars. Målet for turen var å sjå på ulike typar bygningar.

Det har vore fem styremøte i 2014.

Styret har slik samansetning:

Erling Offerdal – leiar, Ole Bjarne Hovland og Ingvill Eldegard frå Årdal

Lars Nesse, Petter Rumohr Raa og Anders Voll Eltun frå Lærdal

Sigurd Vikesland, Eldrid Grønsberg og Audhild Rogdo frå Aurland

Prosjektleiar og landbrukssjefen deltek på møte. I tillegg har ordføraren delteke på nokre møte.

Tabell 23 Budsjett og rekneskap for Prosjekt sau og utmark 2014

Budsjett		Kostnad pr 2014
Prosjektmedarbeidar	1 400 000	486 735
Kontorutgifter	70 000	24 584
Kompetanseutvikling	250 000	48 334
Administrasjon	250 000	48 129
Diverse	30 000	14 850
Samla kostnad	2 000 000	622 632
Finansiering		
BU-midler	1 000 000	267 500
Årdal kommune	150 000	84 375
Lærdal kommune	500 000	281 250
Aurland kommune	270 000	151 875
Sauenæringa	80 000	
Sum	2 000 000	785 000

Sauenæringa i Årdal, Lærdal og Aurland har bidrege med eigeninnsats. Dette er ikkje ført i rekneskapet. Tal timar i 2014 er stipuler til 100. I tillegg har folkevalde delteke på styremøte og på fagmøte.



Figur 8 og 9 Sau på rømmen Vassbygdi :-)......På plass igjen!!! Foto: Marianne Nygård